

Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep.

0030 OSLO



**Alsaker Fjordbruk AS**  
5694 ONARHEIM  
Telefon : 53 43 01 00  
Telefax : 53 43 01 01  
Dir. tlf. : 53 43 01 09  
Mobil : 99 210109  
Org. nr. : 979 494 009  
[www.alsaker.no](http://www.alsaker.no)

Dykkar ref. : 200800436

Vår ref. : Ove Gjerde

Dato : 14.08.2010

**Alsaker Fjordbruk;**  
**– Uttale til rapport om avviking av utrangerte offshoreinstallasjonar**

I samband med Miljøverndepartementet sitt høyringsframlegg til rapport om avviking av utrangerte offshoreinstallasjonar, ynskjer Alsaker Fjordbruk å koma med følgjande uttale;

Alsaker Fjordbruk er ein viktig aktør innan havbruksnæringa (med m.a. 22 matfiskkonsesjonar). Sjøbassenga i Rogaland og Hordland (Sunnhordland) er sentrale produksjonsområde for havbruksnæringa generelt og Alsaker Fjordbruk spesielt. To av dei eksisterande industrianlegga som driv med avviking og opphogging av utrangerte offshoreinstallasjonar, ligg i nærleiken av desse "nedfallsområda".

Utviklinga/utbygginga av AF Decom sitt anlegg på Raunes i Vindafjord kommune har m.a. engasjert vårt konsern ved fleire høve. I konkrete uttalar m.m. har me gjeve uttrykk for skepsis til mangel på planlegging og uklåre styringstilhøve frå offentleg mynde si side, når det gjeld utviklinga av anlegget.

Det er positivt at m.a. Miljøverndepartementet no vil ta styringa/koordineringa i framtidig handtering av slike saker, som kan få alvorlege konsekvensar for helse, miljø og tryggleik.

Kontrollar og gjennomgang av alt eksisterande anlegg bør også vera ei prioritert oppgåve. Det må aldri koma fram tvil om at utslepp til luft og vatn i gitte og nye løyve m.m. inneheld tungmetall eller andre farlege stoff, som kan medføre at det gode omdømet, som Norsk sjømat gjennom mange 10-år har opparbeidd seg både nasjonalt og internasjonalt, vert svekka.

Omsynet til m.a. det marine miljøet, fiskeri og havbruk må vega særst tungt for drift og etablering av slike tiltak - tryggleiken til sjømaten må verta sett i høgsetet

Utgangspunktet i framtidig forvaltning av desse anlegga må vera basert på 0-utslepp!

Vensam helsing  
**Alsaker Fjordbruk AS**

  
Ove Gjerde  
Prosjektleder  
[ove.gjerde@fjordbruk.no](mailto:ove.gjerde@fjordbruk.no)

**Kopi: FHL**